

Saksprotokoll i 10.03.2020 - hovudutval for opplæring og kompetanse

Emil Gadolin, A, sette fram slikt tilleggsforslag:

«Deloverskrifta «Føremål» endrast til «Føremål og overordna prinsipp»

Tillegg under denne deloverskrifta:

Vestland fylkeskommune ønsker å aktivt legge til rette for elevane sitt politiske engasjement. Dei vidaregåande skulane skal som utgangspunkt være opne for dei politiske ungdomsorganisasjonane, innanfor gitte praktiske rammer. Vestland fylkeskommune ønsker ein fri diskusjon og debatt, og skal ikkje begrense organisasjonane eller elevanes sin rett til politiske ytringar.

Organisasjonar med rasistiske eller andre hatefulle bodskap er ikke velkomne på dei vidaregåande skulane i Vestland. I tvilstilfelle skal direktør for opplæring ha avgjerdsmynde.»

Avrøysting

Retningslinjene vart vedteke.

Gadolin sitt forslag vart vedteke mot ein røyst (FNB).

Vedtak

Retningslinjene vart vedteke med følgjande endring:

Føremål og overordna prinsipp

Vestland fylkeskommune ønsker å aktivt legge til rette for elevane sitt politiske engasjement. Dei vidaregåande skulane skal som utgangspunkt være opne for dei politiske ungdomsorganisasjonane, innanfor gitte praktiske rammer. Vestland fylkeskommune ønsker ein fri diskusjon og debatt, og skal ikkje begrense organisasjonane eller elevanes sin rett til politiske ytringar.

Organisasjonar med rasistiske eller andre hatefulle bodskap er ikkje velkomne på dei vidaregåande skulane i Vestland. I tvilstilfelle skal direktør for opplæring ha avgjerdsmynde.